



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

for hyttefolket

Ekstraavgåve April 2004 Årg. 11



Velkommen til
Sunnhordland!

Notisar rett frå dunken

Sørvis – det er SIM det

Dersom du les sørvisfråsegna som ligg ved, skal det ikkje vera nokon tvil om kva du kan venta deg av sørvis frå SIM når det gjeld hytterrenovasjonen.

Likeeins får du vita kva du må hjelpa oss med for at me skal kunna halda det me lovar.



I disse dagar strøymer det på med folk til hyttene i Sunnhordland, for med påska er også høysesongen for hytteliv i gang.

SIM si utfordring i samband med dette er å leggja til rette for å samla inn avfallet til hyttefolket, og sjå til at hyttekonteinarane framstår minst mogleg skjemmande i

nærmiljøet. I dette bladet finn du informasjon om **korleis hytterrenovasjonen fungerer**, og du kan også klikka deg inn på www.sim.as for meir informasjon.

Du kan lesa meir om korleis hytterrenovasjonen til SIM fungerer på www.sim.as





Fleire notisar

Treng du tømekalender?

Dei som har ein eigen hyttedunk med grønt lok, må sørjgja for at denne blir tømd i lag med hushalda sine rest-avfallsdunkar. Dersom du treng tømekalender, kan du lasta han ned frå www.sim.as eller ta kontakt med SIM for å få han tilsend.

Kva med utleiehytter?

Utleiehytter vert rekna som heilårshus og må ha abonnement tilsvarande hus.

Hyttegebyr 2004

Opplysningar om hyttegebyret i din kommune finn du på www.sim.as. Sjå under priskalkulator.

Returpunkt for glas og metall

Det er plassert igloar rundt om i kommunen der alle kan levera glas- og hermetikkavfall. OBS! Dette avfallet må gjerast reint før det kan leverast.



Dette synet er ikkje kjekt å møte korkje for hyttefolk eller andre.

Hytterenasjonen – ei utfordring

SIM legg ikkje skjul på at hyttekonteinarane byr på visse utfordringar. Hovudproblemet er at det blir plassert avfall utanfor konteinarane, og vips så har fuglane drege avfallet utover og verkeleg laga forsøpling.

SIM har sytt for at kapasiteten er bra på hyttekonteinarane. Frå påske til 1. oktober vert konteinarane tømde kvar veke, og i tillegg til dette har me ekstra tømingar når dette viser seg naudsynt.



Små innkastlucker

Du lurar kanskje på kvifor det er små innkastlucker på hyttekonteinarane? Det er fordi fastbuande, næringsdrivande, hyttefolk og turistar ikkje skal fylla dei med grovavfall. Vår røynsle er diverre at dette skjer med store innkastlucker. Små luker krev at du leverer boset i posar som ikkje er for store; det er svært viktig at alle tek omsyn til dette.

Takk for at du hjelper oss med å få boset inn i konteinarane!



Ring oss om noko er gale!

Det er dei som har abonnement for fritidsbustad, som betalar for hyttekonteinarane. Dersom du observerer at hyttekonteinarane blir nytta av andre enn desse, er det fint om du tek kontakt med oss. Likeeins set me pris på at du melder frå til SIM om du kjem til ein overfull konteinar, eller om det flyt med bos utanfor. SIM vil då så raskt som mogleg ordna opp i problemet (jamfør sørvisfråsegna).

53 45 78 50

Hald Sunnhordland reint



Ingen likar avfall som flyt rundt, men forsøpling går det faktisk an å gjera noko med. Det er utgangspunktet for at kampanjen «Hold Norge Rent» blir lansert på nytt etter 30 års kvile.

SIM er ein av mange som støttar denne kampanjen. Me ynskjer å minna kundane våre

om at avfallet skal kastast der det høyrer heime. Vakre Sunnhordland må ikkje bli skjemt av avfall som flyt. Dette er like viktig både i tettstader, i natu- ren, til sjøs, på badestranda, på rasteplassar og for ikkje å gløyma ved SIM sine k onteinarar for hytteavfall og returpunkt for glas og metall.

Kven vann Gullklypa 2004?

Miljøvernminister Børge Brende skal mot slutten av året dela ut tre gullklyper som premiering for ein skikkeleg innsats mot forsøpling. Veit du om ein enkeltperson, ei velforeining, eit burettslag, ein skule, ei privat bedrift, ein frivillig organisasjon, ein

kommune eller ei kommunal verksemd som du synest har fortent Gullklypa 2004, kan du senda forslaget ditt per e-post til gullklypa@holdnorgarent.no eller via www.holdnorgarent.no innan 1. oktober 2004. Hugs å grunngje kvifor vedkomande fortener prisen.



Hyttekonteinarar og lukt

Det er ikkje til å koma ifrå at det kan bli litt lukt rundt hyttekonteinarane på varme dagar. Mange likar å kosa seg med mat frå sjøen på denne tida av året, og både fiskeavfall og restar frå skaldyr er noko av det som gjev mest luktplager i restavfallet. Sjå- førane på bosbilane har instruks

om å sprøyta konteinarane med insekt-drepende middel for å minska plagene med lukt. Ein annan og mykje betre måte å løysa problemet på er å kompostera matavfallet på hytta. Dersom nokon er interessert i dette,



men treng hjelp for å koma i gang, er det berre å ta kontakt med SIM.

Her finn du hyttekonteinarane:

Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Nordrevågen
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Fagerbakke vest
- Stolmabrua rasteplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai

Bømlo

- Langevåg Kåso
- Espevær
- Lykling kai
- Bærøy
- Finnås
- Moster v/posten
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsaldalen v/ Miljøsentralen
- Urangsvåg
- Bjødledalen v/ busstogg
- Aga – kryss v/ Rolfsnesveg
- Rotatjørno mellom Alfsvåg og Svortland
- Brandasund rasteplass

Fitjar

- Dåfjorden – Lønevåg
- Dåfjorden – Skaraneset
- Kuarvågen – v/ båthamn Koløy Helland
- Kalveid v/båthamn
- Fitjar sentrum på kaien
- Havn v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Eide – over riksveg v/verkstad

Kvinnherad

- Vestervik – v/ tunnel
- Stussvik – i vegkryss
- Hammarhaug – hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve Sentrum
- Gjermundshamn – v/ venterom
- Varaldsøy v/ kai
- Mauranger
- Ånes
- Løfallstrand ferjekai
- Seimsfoss
- Rosendal v/ gjestebrygge
- Uskedalen v/ Sandakaien
- Matre ferjekai
- Matre v/ kryss indre Matre
- Åkra v/ kaien
- Husnes v/ skulen
- Sunde ferjekai
- Utåker ferjekai
- Sydnes ferjekai
- Toftevågen
- Eidsvik v/ gamleskulen
- Sæbøvik v/ samfunnshuset

- Høylandsbygd v/ båthamn
- Ranavik ferjekai
- Larsstø v/kaien
- Arnavik
- Borgundøy

Stord

- Leirvik kai v/ Fokus Myhre Matsenter
- Førlandskrysset
- Fjellgardane
- Felles Fitjar v/Eide
- Vikanes
- Dåfjorden v/hyttefelt
- Sagvåg v/kai
- Føyno

Sveio

- Valevåg
- Tittelsnes
- Buavika/Holsvika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Hope
- Håvardsholm
- Førde kai
- Røykjenesen
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kryss Kvalvågnesen
- Steinbrot nord for Eilerås
- Birkeland
- Mjelkeneset
- Kryss Sveiåsen
- Lid
- Haukås
- Rød
- Kryss Fagerland
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Buavåg
- Nordskog
- Eltravågen
- Mølstrevåg
- Skålaskog
- Vikse
- Ekrene
- Ekrene v/busstopp riksveg

Tysnes

- Kryss Skorpo
- Flakkavåg kai
- Onarheim v/ kyrkja
- Årbakka v/ butikk
- Nymark v/ kryss Lunde
- Malkenes v/ kryss
- Lukksund bru
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss Godøysund
- Godøysund
- Våge v/ Esso
- Uggdal v/ kryss Onarheim
- Uggdal v/ Sæd
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai



Opningstider

Miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

torsdag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Bømlo, Hollundsdalen

Tysdag: 08.00 - 14.30
torsdag: 12.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Fitjar og Stord, Svartasmoget

måndag: 08.00 - 18.00
tysdag - fredag: 08.00 - 15.30
annankvar laurdag: 09.00 - 12.00
(veker med partal vekenr.: 2, 4...)
Mottak for spesialavfall også på Vabak-
kjen, Stord, same opningstid som ben-
sinstasjonen.

Kvinnherad, Husnes industriområde

måndag-tysdag: 08.00 - 13.00
torsdag: 13.00 - 19.00
fredag: 08.00 - 13.00
siste laurdag
kvar måned: 09.00 - 14.00

Sveio, Sveiåsen

måndag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Tysnes, Eredalen

tysdag: 10.00 - 18.00
siste laurdag kvar måned
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

Werner Hagerup er klar for å levera hageavfallet sitt på miljøsentralen. Den tidlegare ordføreren frå Stord er godt nøgd med tilbodet her, og anbefalar også andre å gjera seg nytte av miljøsentralen.

Lever grovavfallet på miljøsentralen!

Høgsesongen for hytteliv fell saman med høgsesongen for miljøsentralane. På miljøsentralen kan du kvitta deg med restavfall, elektrisk og elektronisk avfall, treverk, hageavfall, papp og papir, stålskrap og ikkje minst farleg avfall. Opningstidene finn du til høgre på arket; legg merke

til dei utvida opningstidene i sommarhalvåret. For farleg avfall og hageavfall betalar du ingenting. Elles er prisane uendra; 75 kroner for ein liten bil/hengjar eller 175 kroner for ein stor bil/hengjar. Skal du ha storopprydding på hytta i år, har du bruk for miljøsentralen.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget,
N-5419 Fitjar
telefon 53 45 78 50
telefaks 53 45 78 60
e-post: sim@sim.as
www.sim.as